

## GRAVFERD frå kyrkje 2020 kl.

Avdøde: ARNE MALVIN STRAND f. 22.04.1939 d. 09.04.2020(natt)  
Pårørande: Reidun Viddal(søster), Arnold Tuvik(bror), Fritz Tuvik(bror)

## PRELUDERING

### Klokkeringing

#### *Preludium (trompet ??)*

**Nådehelsing:** Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.

1 Kor 1,3

**Inngangssord:** Vi er i dag samla for å ta avskjed med ARNE MALVIN STRAND. Saman vil vi overgje han i Guds hender og fylgja han til siste kvilestaden.

*For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.*

Joh 3,16

*Jesus seier: Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!*

Matt 11,28

**Inngangsbøn:** Herre, du har vore ein bustad for oss frå ætt til ætt. Før fjella vart fødde, før jorda og verda vart til, ja, frå æve til æve er du, Gud. Du lèt mennesket verta til støv att og seier: «Vend tilbake, de menneskeborn!» For tusen år er i dine augo som dagen i går då han fór framom, eller som ei nattevakt. Lær oss å telja våre dagar, så vi kan få visdom i hjarta! Amen.

Sal 90,1-4.12

**Salme:**

## Minneord:

Arne vart fødd nær Hestvika på Hitra 22.april 1939 og vaks opp der på eit lite småbruk. Arne var eldstemann i søskenflokk som vaks med åra til 4. Sjøen og havet var viktig som næringsveg for faren og familien. Slik også for Arne. Etter skulegang barst det til sjøs. To turar i Ishavet på Brandalskuter vart det. Seinare var han i marinen på forsyningskipet Harald Hårfagre. Vidare fekk han hyre på ulike fiskebåtar. Han var også på fraktfart ei tid, og på reketråling. Arne var også om bord i taubåt og også kystvakt.

Arne steig i gradene om bord. Han tok til som byssegutt, eller salong-gutt. Men han ville vidare og tok til seg både kunnskap, lærdom og fekk mykje erfaring. Som kokk hadde han eit viktig arbeid om bord og stort ansvar. Det fysiske arbeidsmiljøet var nok slik at det verka etter kvart sterkt inn på Arne si helse. Allereie etter første tur til sjøs, flytta familien frå Hitra til Ellingsøya. Her hadde faren fått arbeid på ferja og kunne då vere nærare familien. Ei tid var mange i familien knytt til arbeid på sjøen, inklusivt mor i huset.

Etter kvart auka krava til tryggleik og andre ordningar til sjøs. Arne vart uføretrygda på starten av 1990-talet.

Han var nært knytt til sjøen all sin dag. Lokalt her på Ellingsøya var han gjerne ute på sjøen og fiska, for eksempel å hekle sild. Og fenomenet sushi var han kjent med av seg sjølv lenge før det kom på alle sine lepper.

Nokre år budde Arne på Fredheim, før han etter eit sjukehusopphald fekk plass på Åse sykehjem. Han hadde det godt der, men siste vekene gjekk det nedover. Han var trøyt og lei i livet, og natt til 9.april drog han sin siste sukk.

Fred over Arne sitt minne.

### **Kranspålegging:**

Søsken m/ familier v/

Onkelbarn v/

### ***Msikkinnslag (trompet??)***

### **Skriftlesingar**

**P:** Lat oss høyra kva Guds Ord vitnar om livet og døden, om dommen og vår von i Jesus Kristus!

Det står skrive i boka etter Forkynnaren:

Alt har si tid.

Det er ei tid for alt som hender under himmelen: ei tid for å fødst, ei tid for å døy, ei tid for å planta, ei tid for å riva opp, ei tid for å gråta, ei tid for å le, ei tid for å sørgja, ei tid for å dansa, ei tid for å leita, ei tid for å mista.

Alt gjorde han vakkert, kvar ting til si tid. Ja, alle tider har han lagt i hjartet deira.

Eg skjøna at alt Gud gjer, står gjennom alle tider. Ingen kan leggja noko til, og ingen kan trekkja noko frå.

Fork 3, 1–2. 4. 6a. 11a. 14a

Slik lyder Herrens ord.

### ***Salme:***

### **Tale:**

**Bøn L** Herre Jesus Kristus, du som bar alle våre synder, vi takkar deg for din kjærleik som er sterkare enn døden. Gjev oss del i frelsa som du vann ved din død og di oppstode, og før oss med di mektige hand gjennom liv, død og dom inn til di evige glede. Amen.

### **Herrens bøn**

**L** Lat oss saman be Herrens bøn.

**A** Vår Far i himmelen. Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

### ***Salme:***

### ***Postludium / utgang / utbering***

## **VED GRAVA:**

*NB! Kransar. Blomar/roser på kista?*

### *Salme:*

### **Skriftlesing:**

*Vår Gud er ein Gud som frelser, hos Gud Herren er det utveg frå døden.* Salme 68,21.

**Bøn ved gravstaden:** “Lat oss be! Herre Jesus Kristus, lat denne grava vera ein stad med von, i trua på deg som stod opp frå dei døde. Amen.”

### **Jordpåkasting**

*L* I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.

Deretter kastar liturgen tre gonger jord på kista og seier:

*Første gongen:* Av jord er du komen.

*Andre gongen:* Til jord skal du verta.

*Tredje gongen:* Av jorda skal du atter stå opp.

**Skriftord:** “Vår Herre Jesus Kristus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy.” Joh 11,25f.

## **Velsigninga**

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. +

### **Senking & 3 x 3**

### *Salme:*

### Avslutning

---

Mulege songar/salmar som har vore nemnde:

- Mykje lys og mykje varme(Åge Aleksandersen)
- Har du fyr (Ola Bremnes)
- Å leva, det er å elska
- Amazing grace / engelsk eller norsk
- Fager kveldssol smiler
- Alltid freidig når du går.